

## Mobilitetsveka 2023 opnar med bilfri dag i Bergen sentrum 16. september

Laurdag 16. september kl 11.30 opnar Mobilitetsveka 2023, med bilfri dag i Bergen sentrum. Vaskerelven, Engen, Veiten og Øvre Ole Bulls plass blir stengt for bilar, og det blir konsert med Christine Sandtorv, gjenbruksmarknad, gratis sykkelservice, trialsykkelsjow og mykje meir.

Mobilitetsveka er ei feiring av miljøvennlege transportformer, og har program 16. -22. september i alle Miljøløftet-kommunane, Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Temaet for årets mobilitetsveke er «Spar energi». Vi vil vise korleis ein kan bruke beina, sykkelen, kollektivtransport eller bildeling og samkøyring for å spare energi og få ein grønare reisekvardag.

### Samkøyring og guida sykkelstur

Det blir morgonutdelingar, sykkelshow og sykkelservice, og i Øygarden og Askøy blir eit nytt prosjekt for samkøyring lansert i, i samarbeid mellom Miljøløftet, Skyss og den danske appen Nabogo.

Samkøyringsprosjektet blir også eit tema når Skyss og Miljøløftet arrangerer lunsjseminar om berekraftig transport den 19. september, på Kulturhuset i Bergen.

Ellers står både filmvisning, guida tur langs den nye sykkelvegen mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen og sykkelkafe på programmet.

### Bilfri dag og Bergen City Milen

Opninga av Mobilitetsveka og Bilfri dag skjer på Torgallmenningen kl. 11.30, ved leiar i sekretariatet i Miljøløftet, Aina Haugstad. Arrangementet blir gjennomført i samarbeid med TIF Viking: Det blir aktivitetar og sykkelshow under Bilfri dag frå 11.30 til 15.00. Frå 14 arrangerer TIF Viking så aktivitetspark for barn på Torgallmenningen, barneløp og Bergen City Milen.

Heile programmet for Mobilitetsveka ligg her:

<https://miljoloftet.no/mobilitetsveka/mobilitetsveka2023/>

Programmet for bilfri dag i Bergen sentrum ligg her:

<https://miljoloftet.no/mobilitetsveka/mobilitetsveka2023/bilfri-dag/>

Programmet for lunsjseminaret ligg her

<https://miljoloftet.no/mobilitetsveka/mobilitetsveka2023/lunsjseminar/>

## Om europeisk mobilitetsveke

Mobilitetsveka blir arrangert kvart år frå 16. – 22. september over heile Europa. Målet er å synleggjere korleis du kan reise meir miljøvennleg, samtidig som du dekker transportbehovet ditt. I 2022 deltok om lag 3000 byar og tettstadar i 51 land. Mobilitetsveka er dermed Europas største kampanje for miljøvennleg transport.

### Kontaktpersonar

**Aina Haugstad**

*Leiar, Miljøløftets sekretariat*

[aina.haugstad@vegvesen.no](mailto:aina.haugstad@vegvesen.no)

Telefon: 97700413

**Anders Kjetland**

*Kommunikasjonsrådgjevar, Miljøløftets sekretariat*

[anders.kjetland@vegvesen.no](mailto:anders.kjetland@vegvesen.no)

Telefon: 95706862